

Nedkjølt og vulkansk

Rønnaug Kleiva skriv både ungdomsbøker og vaksenbøker, og ho vekslar mellom prosa og lyrikk. Fangeteneste er ei av dei få prosabøkene for vaksne. Det er ein skarp,

bok

Rønnaug Kleiva:
Fangeteneste.
Prosa.
Det Norske
Samlaget 2001.

nesten skjearande tekst, med ein karakteristisk kombinasjon av nedkjølt, observerande stil og voldsomme ingredi-

ensar og lidenskarar under. I vasketelen frå forlaget blir det lagt vekt på at ei rekkje av dei små forteljingane spelar på forholdet mellom Han og Ho, som dei formulerer det. Mange tekstar gjer det, men minst like viktige synest tekstane om barn og barndom å vera.

Hovudgrepet til Kleiva er å fortelja om svært dramatiske, ja heilt øydeleggjande hendingar, som om det dreidde seg om trivielle småting. Til dømes om korleis ein familie samlast fordi faren er i ferd med å døy.

Mora synest det er utruleg kjekt at borna kjem heim; ho fer ut på shopping og får borna til å stortrivast heime. Den døyande faren har ingen tid til å tenkja på. Til slutt reiser ein av sønene i bryllup i ein dress som høyrer til faren, med beskjed om å mora seg så godt han kan.

Denne skrivemåten blir understreka av dei korte, lakoniske overskriftene over kvar forteljing. «Ei kvinne og ein mann drikk vin i eit badekar etter ei gravferd». «Tre kvinner klatrar i fjellet og planlegg talar». I den siste

forteljinga fell ei av kvinnene utfor og drep seg. Dei to andre held fram turen, og nyttar ei natt på fjellhylla til å planleggja gravferda hennar, og talane dei skal halda.

Dette blir det skarp satire av, og Kleiva er kanskje best når ho observerer misforholdet mellom hendingane og reaksjonane til dei som opplever dei. Det er eit fravær av sorg hos desse personane som er påfallande, og som på eit vis svarer til det samfunnet dei lever i.

Men det finst også ein dystrare undertone her, med observasjonar av djupe eksistensielle brytningar som totalt manglar språk og kjensler, og som difor kjem til uttrykk i uforklarte og uforklarlege handlingar.

Som mora som ordnar og vaskar i huset, ordnar barnevakt, før ho dreg ut på ei strand og tek sitt eige liv. Eller kvinna som blir forleten og skyt ei av døtrene sine for å straffa mannen sin. Deretter går ho på kafe og drikk rødvin, og blir snart plukka opp av ein mann. Eller den vesle jenta som ser at systera druknar, og som fortel mora at ho er hos naboen, og deretter går på kyrkjeconsert. Alt er skildra like avmålt, og med ein skremmande kulde.

Det er noko sterkt opprørande i desse tekstane, nemlig at teksten sjølv ikkje ser ut til å reagere på desse voldsomme hendingane. Nettopp difor verkar dei så mykje sterkare på lesaren; fråværet av patos gjer dei patosfylte. Men alle spørsmåla i teksten må ein svara på sjølv, eller la stå svarlause.

Jan Inge Sørbo